

Orienteringssak:

Servicebygg og formidlingssenter på Rygnestad – Vedlegg 1



Servicebygg og formidlingssenter på Rygnestad

Forprosjekt 2022 – Setesdalsmuseet Eigedom IKS

Setesdalsmuseet Eigedom IKS

Servicebygg og formidlingssenter på Rygnestad

Forprosjekt 2022 – Setesdalsmuseet Eigedom IKS

Oppdragsgjevar:	Setesdalsmuseet Eigedom IKS/ Aust-Agder museum og arkiv IKS
Oppdragsgjevars kontaktperson:	Anna Stella Karlsdottir
Arkitekt :	THA Arkitekter AS
Fagansvarleg arkitekt:	Erick Thomas Allende
Prosjektleiar og forfattar:	Åse Ingebjørg Flateland

Samandrag

Rygnestadtunet ligg på Rygnestad i Valle kommune, i eit kulturlandskap med stort biologisk mangfald, mange kulturminne og aktiv landbruksdrift. Området er ein del av *utvalte kulturlandskap*, ein status som berre særeigne jordbrukslandskap med store biologiske og kulturhistoriske verdiar kan få.

Rygnestadtunet er eit autentisk gardstun med stovehus, to loft, løe, stall, fjøs, sauefjøs, smie, badstove og kvernhus. Kvernhuset er einaste bygningen som er flutt til tunet. Museumsanlegget på Rygnestad er det eldste i regionen, og våningshuset og dei to lofta vart freda i 1923.

Det budde truleg folk på Rygnestad så tidleg som i vikingtida. Det er gjort gravfunn frå 900-talet.

Farfar til segnhelten Vonde-Åsmund Rygnestad (ca. 1540-1596) var den siste eigaren av heile Rygnestad-garden.

Setesdalsmuseet har over lang tid arbeidd med å få på plass eit formidlingssenter og servicebygg på Rygnestad. Freding av bygningar og tun avgrensar bruk og utvikling, og tiltak utover bevaring og vedlikehald er ikkje mogleg. For å kunne vidareutvikle Rygnestadtunet er det trong for eigne fasilitetar som kan handtere ulike behov for publikum, tilsette og sjølve anlegget.

Eit nytt prosjekt vil kunne fange opp endringar i samfunn, landbruksdrift, tiltaksapparat, teknologisk utvikling, trendar innan reiseliv og næringsutvikling. Status med utvalt kulturlandskap for Rygnestad og Flateland, UNESCO - status for immateriell kulturarv, auka satsing på lokalmat og opplevingsbasert reiseliv er døme på slike endringar.

Rygnestadtunet, det utvalte kulturlandskapet og den sterke Setesdalstradisjonen innan bygningsskikk, musikk, kultur og lokal historie kan gi auka lokal verdiskaping av nasjonal verdi.

Målet er å skape lokal natur- og kulturbasert næringsutvikling gjennom involvering, medverknad og samarbeid lokalt, regionalt og nasjonalt.

Auka mål om berekraftige tiltak og løysingar skal ligge til grunn i plan- og gjennomføringsprosessar.

Forprosjektet skal omhandle:

- Næringsutvikling og verdiskaping
- Fasilitetar for formidling av kunnskap, historie, kultur og biologisk mangfald
- Serviceanlegg til drift av museum og annan aktivitet i området



Innhald

Samandrag.....	2
Innhald	3
Innleiing	5
Målsetjingar	5
Ressursar.....	7
SWOT.....	8
Moglegheiter	8
Landskap og naturmangfold	8
Historie og formidling.....	9
Næringsutvikling.....	10
Naturbasert næringsutvikling.....	10
Kulturbasert næringsutvikling.....	10
Etablering av nytt servicebygg og formidlingssenter i eksisterande bygningar på Nistog Rygnestad,gnr.24, bnr.3	10
Bygningar og tun til servicebygg og formidlingsanlegg	11
Situasjonsplan.....	11
Tunet.....	11
Våningshus – som servicebygg.....	12
Gammal løe som formidlingssenter, galleri og matutsal	14
Loftet	16
Brakke.....	17
Badstove	17
Økonomi og organisering	18
Forprosjekt	18
Hovudprosjekt.....	18
Organisering	18
Økonomi.....	18

Framdrift	18
Kjøp av gardstun, gnr. 24, bnr. 3 –Nistog Rygnestad	19
Gjennomføringsplan	19
Kjelder	20



Rygnestadtunet

Innleiing

Setesdalsmuseet Eigedom IKS er stifta av kommunane Bykle, Valle og Bygland og selskapet eig museumsanlegga i dei tri kommunane i Setesdal. Hovudoppgåva er å ta vare på bygningar, gjenstandar, bygningsmiljø og anlegg.

I 1940 overtok Setesdalsmuseet gardstun med bygningar på gardsbruket Nordigard Nørdré Rygnestad. Tunet hadde då stått tomt sidan 1919. Rygnestadtunet er eit autentisk gardstun med stovehus, to loft, løe, stall, fjøs, sauefjøs, smie, badstove og kvernhus. Kvernhuset er einaste bygningen som er flytta til tunet. Museumsanlegget på Rygnestad er det eldste i regionen, og våningshuset og dei to lofta vart freda i 1923.

Det budde truleg folk på Rygnestad så tidleg som i vikingtida. Det er gjort gravfunn frå 900-talet. Farfar til segnhelten Vonde-Åsmund Rygnestad (ca. 1540-1596) var den siste eigaren av heile Rygnestad-garden. Vonde-Åsmund arva halve Rygnestad etter far sin. Åsmund hadde dessutan fem andre gardar som han leigde bort til andre.

Den eine av desse er kjend som bygningsmannen som sette opp stovehus og loft for Åsmund ca. 1590. Det er stovehuset som står på garden enno. Stova som no er "nystog", er omrent på same tid tilført ei stove på andre sida. Denne, som framleis er årestove med gammal innreiing, har tømmer frå før svartedauden (1349-50). Kanskje er ho frå 1200-talet. Begge stovene i huset var årestover frå først av. Då var det svalgang framfor stovene.

Gamleloftet i tre høgder blei bygd samstundes med stovehuset kring 1590. Det kan vi vite av at øvste høgda er bygd først. Denne lafta delen ligg på ei utkraging av dei lafta stokkane som opphavleg var dei øvste på veggen. «Trihågløpt» er det einaste loftet med tre fulle etasjar som er att i dalen.

Litt lenger ned i bakken står «Rygnestadloftet», bygt av tømmerstokkar med uvanleg store dimensjonar. Lofta var alltid i to høgder, innreidde til oppbevaring av mat nede, tekstilar og andre fine ting oppe. På Rygnestad museum er det teke vare på middelalderkunst som Vonde-Åsmund etter segna, skal ha hatt med seg heim frå tida som leigesoldat nede på kontinentet. Desse tekstilmåleria, bonadene, heng i loftet, og er og freda i høve til Lov om Kulturminner. Dei eldste måleria er frå ca. 1490, det yngste frå ca. 1570.

Målsetjingar

Formålet med drift av museum er mellom anna å formidle og gjere tilgjengeleg verdifulle kulturminne, bygningar, gjenstandar, historie og kulturarv for publikum. Freding av bygningar og tun avgrensar bruk og utvikling, og tiltak utover bevaring og vedlikehald er ikkje mogleg.

For å kunne vidareutvikle Rygnestadtunet er det trond for eigne fasilitetar som kan handtere ulike behov for publikum, tilsette og sjølve anlegget.

Setesdalsmuseet har over lang tid arbeidd med å få på plass eit formidlingssenter og servicebygg på Rygnestad- i tilknyting til drift av Setesdalsmuseet Rygnestad. Det vart laga eit forprosjekt 2001, med skisser og synleggjering av mogleg aktivitet på museumsanlegget og for nærområdet. Delar av innhald i forprosjektet er framleis interessant å vidareføre.


Eit nytt forprosjekt vil kunne fange opp endringar i samfunn, landbruksdrift, tiltaksapparat, teknologisk utvikling, trendar innan reiseliv og næringsutvikling. Status med utvalt kulturlandskap for Rygnestad og Flateland, UNESCO - status for immateriell kulturarv, auka satsing på lokalmat og opplevingsbasert reiseliv er døme på slike endringar. Auka mål om berekraftige tiltak og løysingar skal ligge til grunn i plan- og gjennomføringsprosessar.

Rygnestadtunet, det utvalte kulturlandskapet og den sterke Setesdalstradisjonen innan bygningsskikk, musikk, kultur og lokal historie kan gi auka lokal verdiskaping av nasjonal verdi.

Målet er å skape lokal natur- og kulturbasert næringsutvikling gjennom involvering, medverknad og samarbeid lokalt, regionalt og nasjonalt.

Forprosjektet skal omhandle:

- Næringsutvikling og verdiskaping
- Fasilitetar for formidling av kunnskap, historie, kultur og biologisk mangfold
- Serviceanlegg til drift av museum og annan aktivitet i området



Oversiktskart Rygnestad

Ressursar

Ressursgrunnlaget på Rygnestad og Flateland er rikt, og tabellen under syner ei skjematiske framstilling av dei ulike ressursområda:

Naturleg	Naturgjevne ressursar	Biologisk mangfald, vekstar Jordsmønn Stein og mineralar Vatn Ljostilhøve Klima og miljø
Fabrikkert	Ressursar som er tilverka eller kjøpt	Bygningar Maskinar og reiskap Steingjerde, murar Infrastruktur- vatn, veg, avlaup, straum, nettverk
Human	Kunnskap og arbeidskraft	Bygningsvern Landbruksproduksjon Husdyrhald Foredling mat Kultur og tradisjon Handverk Frivillighet og eldsjeler
Sosial	Formelle og uformelle nettverk, organisasjonar og etatar	Bygningsvernsenter Aust-Agder museum og arkiv Kommunar Fylkeskommunen Statsforvaltaren Norsk Landbruksrådgjeving NIBIO Riksantikvaren Kulturminnefondet Oveinang Grendelag Setesdal Sogelag Setesdal Spelemannslag Husflidslag Faglag i landbruket Bygdekvinnelag
Økonomisk	Økonomiske ressurar	Bank Tilskotsordningar Inntekt Eigenkapital Dugnad

SWOT

Analyse syner oversikt over dei styrkjer, svakheiter, truslar og moglegheiter ein kan finne i området. Endringar i rammevilkår, i enkelte næringer, offentleg forvaltning eller andre etatar vil kunne påverke dei ulike elementa i tabellen.

S Bygningar Biologisk mangfald Aktiv landbruksdrift Beitedyr kulturminne Fagpersonar landbruk Fagpersonar bygningsvern og museum	O Aktivitetar på museum og i kulturlandskap Kurs og kunnskapsformidling Historiefortelling Setesdalskulturen- folkemusikk- UNESCO Organisert aktivitet- kultur og natur Turistar og turtyper Frivillige lag og organisasjoner kan bidra Frivillig innsats- venforeining eller liknande Servering og gardsutsal
W Få drivvarar, aktive bønder Manglar serviceanlegg Ingen organisert frivillighet utover grøndelaget Svak økonomi i landbruksnæring- lite satsing Ingen serveringsstad	T Færre beitedyr Færre aktive gardbrukarar Økonomiske verkemiddel fell bort Manglande samarbeid Auka ferdslje- ulempe?

Moglegheiter

Landskap og naturmangfald

Rygnestadtunet ligg i «utvalde kulturlandskap» - Rygnestad og Flateland - ein status som berre særegne jordbrukslandskap med store biologiske og kulturhistoriske verdiar kan få. Desse verdiane vert ivaretakne gjennom busetting, aktiv drift og skjøtsel av kulturlandskapet, med moderne og tradisjonelle metodar. Formålet er å sikre langsiktig forvaltning av området. Det er og ei målsetting at områda skal vere tilgjengelege for publikum – med informasjon, tilrettelegging for besøk og oppleveling av områda.



Foto: Ellen Svahnheim

Utdrag frå brosjyre, UKL, 2020

Rygnestad og Flateland

Dei sørverande dalgrenene Rygnestad og Flateland er typiske for bruksstrukturen i Setesdal. Brua er av ulik storleik og karakter, frå husmannsplassen Slengen til større bruk. I tillegg til det frede Rygnestadtunet er her mange gode domme på tun og bygningstypar i tradisjonell byggeskikk, samt andre kulturminne som steingardar, bakkemurar og rydningsroyser. Kolgroper og eit stort gravfelt på Flateland vitnar om lang tids busetting i området. Her er godt bevarte naturbeite, slåttenger, hagemark og gammal lauvskog. Før aktive brukarar dryv areala i grenlene, ein av dei bur i området. Tidlegare var det myolkekyr her, no er det berre sau og hest. Bygningar og innmark på Rygnestadtunet vert forvalta av Setesdalsmuseet.

17 Valle kommune, Agder

I 2009 vart det utarbeidd ein forvaltningsplan for Rygnestad og Flateland som gir retningsliner for skjøtsel av kulturavhengig biomangfald innan utvalde kulturlandskap. Skjøtselplan ligg til grunn for forvaltning og drift av området, med tilhøyrande verkemiddel. Ordninga blir i dag forvalta av Valle kommune, etter søknad frå grunneigarar og drivarar i området.

Det er i dag 2 driftseiningar med ammekyr, ei driftseining med sau og ei med mjølkegeit som nyttar eng og beite i sine produksjonar. Det blir brukta moderne landbruksmaskinar på eigna areal, i tillegg til beite og manuell skjøtsel. Grunneigar og drivar er ikkje alltid same personar, og begge partar er viktige bidragsytarar for at kulturlandskapet skal haldast i hevd.



Historie og formidling

Formidling handlar om å overrekke informasjon eller kunnskap. Det er mange mogleigheter og metodar som kan nyttast, alt frå levande menneske til ulike tekniske løysingar. Aktiv deltaking for publikum, både digitalt og fysisk, der den enkelte kan bli ein del av formidlinga gjennom t.d. VR-spel, skodespel, kan bli fine opplevingar og ny kunnskap.

Setesdal fekk i 2019 plass på UNESCO si verdsarvliste for immateriell kulturarv – «for utøving av stevkunst, dans og folkemusikk». Dette er formidling av både kunnskap, opplevelsing og tradisjon – og som skal sikre at den unike tradisjonen ikkje går tapt.

Det finnast mange spennande historier frå Flateland og Rygnestad, og den mest kjende er om segnhelten «Vonde-Åsmund»:

«Åsmund var truleg ein av 20.000 soldatar som tente under den katolske spanskekongen Philip 2. for å siå ned eit protestantisk og nasjonalistisk opprør i dei nederlandske statane. Denne nederlandske fridomskampen gjekk føre seg i tida 1567-1573. Det er truleg frå denne tenesta Åsmund hadde med seg heim fleire bilete måla med limfarge på lerret.»

«I segnene heiter det fleire stader at Vonde-Åsmund blei stilt for retten pga. drap og andre lovbro. Han synte ikkje respekt for retten og truga retten med øks eller kasta han ut av tingstova. Skriftelege kjelder syner at Åsmund seinare i livet fekk alle dei tillitsverva som det var mogleg for vanlege bønder å få. Han blei lensmann, kyrkjeleverje og lagrettemann. Det er også tydeleg at Åsmund måtte vere ein framståande person ved at han vart valt som utsending til Oslo då den dansk-norske kong Kristian 4. blei hylla til konge der i 1591. Men sjølv i 1592, medan Åsmund var kyrkjeleverje, fortel ei stemning at han har fornærma presten.»

Historie, kultur og levande kulturlandskap kan nyttast til vidare utvikling av Flateland og Rygnestad.

Næringsutvikling

Ressursgrunnlaget på Flateland og Rygnestad gir eit godt grunnlag for auka verdiskaping og engasjement. Natur, aktivt landbruk, historie, kulturminne og eit heilt unikt museumsanlegg er sentrale ressursar. Nye aktivitetar må ha ei berekraftig forankring, både sosialt, økonomisk og miljømessig. Dersom publikum skal få ta del i den unike natur- og kulturarven ein finn på Rygnestad og Flateland, må det vere eit levande og aktivt lokalsamfunn som legg til rette gjennom produksjon, formidling og sal av varer og tenester. Frivillighet og engasjement er og positive element som kan styrke attraktivitet og engasjement.

Utvikling og auka aktivitet krev at nokon vil skape og som ser moglegheiter. For å få gode prosessar, er det viktig å inkludere lokalsamfunn, grunneigarar og andre aktuelle aktørar på Staden. Gjennom inkludering og felles forståing kan ein oppnå medverknad og samarbeid – samskaping.

Nytt servicebygg og formidlingssenter bør vere tilgjengeleg for lokale aktørar- i samarbeid med Setesdalsmuseet Eigedom IKS, som då vert fasilitator for slik aktivitet. Samarbeid og sam

Naturbasert næringsutvikling

- Landbruk med produksjon av gras, beiter, husdyrhald og skjøtsel.
- Lokalmat – lokal verdiskaping og unike produkt med lokal forankring
- Turvegar og stigar – fysisk aktivitet og trivsel
- Formidling - kurs i handverksteknikkar, skjøtsel av biologisk mangfald
- Forsking og kunnskap – naturmangfald og

Kulturbasert næringsutvikling

- Formidling – historie, musikk, kultur, kunnskap
- Oppleveling - arrangement
- Kurs – kultur og tradisjon
- Museumsdrift og bygningsver

Etablering av nytt servicebygg og formidlingssenter i eksisterande bygningar på Nistog Rygnestad, gnr.24, bnr.3

Rygnestadtunet er totalfreda, og har ikkje rom for vidare utvikling av bygg og anlegg. Det er ikkje høve til å installere straum eller annan infrastruktur. Tilrettelegging for formidling, næringsutvikling og drift må etablerast på anna område.

I 2001 vart det utarbeida eit forprosjekt med forslag om å bygge nytt dokumentasjons- og informasjonssenter.

Det har tidlegare vore arbeidd med å ta i bruk eksisterande bygningar i nærleiken av Rygnestadtunet som kan nyttast til formålet. I 2016 vart eigar av Nistog Rygnestad, gnr. 24, bnr.3, kontakta med tanke på at dette tunet kan nyttast til å utvikle eit serviceanlegg og formidlingssenter. Bygningane er ikkje i bruk, og eigar er framleis positiv til å selje bygningane til Setesdalsmuseet Eigedom IKS.

Bygningane og tunet bør delast i frå garden, og seljar må søkje om deling. Grunngjeving for deling er at bygningar og tun skal brukast til offentleg formål, formidling og drift av museumsanlegg.

Bygningar og tun til servicebygg og formidlingsanlegg

Gjennom bruk av eksisterande bygningsmasse og gardstun, vil det berre bli lite inngrep i natur- og kulturlandskap. Det er berekraftig med gjenbruk - og eit godt døme på sirkulær økonomi.

THA Arkitekter AS er engasjert til å utarbeide forslag til løysingar med følgande oppdrag:

- Situasjonsplan
- Utomhusplan
- Planteikning, fasadar og snitt av prosjekterte uteareal, løe, tysk brakke og våningshus.
- 3D - Visualiseringsbilder
- Arkitektonisk omtale av prosjektet

Situasjonsplan



Tunet

Tunet i Nistog er tenkt å vere eit samlande element for bygningane mellom våningshus og løe. Tunet kan formast som eit amfi som kan nyttast til aktivitetar og oppholdsstad, t.d. formidling, møtestad, servering og rastepllass for besøkande. Tunet bør ha universell utforming, og eksisterande mur skal brukast til å setje opp eit enkelt bygg med tak- til vern for nedbør og vind. Bygget kan og fungere som scene.


Det er nokre frukttrær og bærbuskar i hagen, og med litt kultivering og dyrking kan det og bli ein fin kjøkkenhage med produksjon av mat til servering og kunnskapsformidling.

Det står ein del eldre gran- og lerketre på enden av tomta, truleg planta for å skjerma for innsyn. Dei store trea kan skade bygningar og personar om dei bles ned eller knekk, og bør fjernast.

Tradisjonelle gjerde og planter kan vere gode løysingar for å avgrense eigedomen frå veg og parkeringsområde.



Eksisterande løysing tun



Forslag til ny løysing tun

Våningshus - som servicebygg

Våningshuset er frå kring 1500-1600 talet med tilbygg 1919. Inngangsparti og rom mot aust har vore utsett for vasslekkasje og må rehabiliterast i begge etasjar. Bruke eksisterande bygg, med same fasadar som i dag. Vindu og ytterveggar er tenkt restaurert/oppgraderaa ihht. til krav for isolasjonsverdiar for dei nye funksjonane som bygget skal innehalde. Bevaringsverdige materialar og innreiing skal takast vare på.


1.etasje;

Stove mot vest er godt bevart med tradisjonell «skåp og kvile», langbord, benker og kråskåp. Det er også open åre i stova. Resten av 1.etasje må rehabiliterast og kan nyttast til resepsjon og kontor, samt lager til naudsynt materiell og utstyr.


2. etasje;

Etasjen skal renoveras, isoleras og skal nyttast som leilighet med bad/ vaskerom, soverom , kjøkken og oppholdsrom.

Servicebygget kan vere tilgjengeleg for tilsette, forskrarar og andre relevante fagpersonar. I tillegg kan det nyttast til formidling, evn. mindre samankomstar.




Eksisternade løysing våningshus



Planteikning 1. etasje



Planteikning 2. etasje



Snitt våningshus

Gammal løe som formidlingssenter, galleri og matutsal

Låvebygningen fra 1955 er i 3 etasjar- med storfe- og sauefjos ,silo, høylo, stall og lagerplass. I tillegg er det gjødselkjellar i betong, med portar og fast dekke Det er utvendig låvetrapp til øvste etasje fra gardsvegen. Bygg i bindingsverk og veksling med tett kledning og låvepanel. Konstruksjonen i bygningen er i god stand, men ytterkledning og vindu må rustast opp.

Bygget må rustast opp til noverande krav og bruk samstundes som romlege kvalitetar og sær preg vert tekne vare på. På opne parti i 2. og 3. etasje kan det leggast inn glasgolv for å auke bruksareal samstundes som løas uttrykk vert bevart. Siloen er og eit element ein vil behalde, og er planlagt som toalett.

1.etasje;

Hovudinngang frå tunet. Inneheld resepsjon, toalett og garderobe. Eksisterande sauefjos vert planlagt som utstillingslokale medan storfefjos vert serveringslokale med enkelt kjøkken. Her kan og vere utsal for lokal mat og andre produkt. Taket over serveringsstad vert fjerna for å auke takhøgda og knyte kontakt med 2.etasje.

2.etasje;


Inneheld rom for utstilling, utsal eller kurslokale.

3.etasje;


Det er mogleg å kome inn i denne etasjen via låvebru frå gardsvegen. Her er planlagt større møterom og høve til formidling for større samankomstar. I mønet vert det montert glas for å auke tilgang til dagsljos i heile bygget.

I gjødselkjeller ser vi moglegheit for å etablere foredlingskjøkken og kurslokale, spesielt med tanke på lokal mat.






Eksisterande løysing løe



Kafè og kjøkken

Utsikt til kafè fra 2.etasje




Utstilling- og formidlings-lokale i 2 etasje

Formidlingslokale 3.etasje




Lokalmatforedling



Snitt løe

Loftet

Loftet er frå 1500-talet og har stor kulturhistorisk verdi. Loftet stod tidlegare i flukt med våningshuset, men er flutt lenger mot aust. Det vil vere naturleg at loftet blir ein del av tunet, og at det kan bli brukt til både formidling, kurs og kan hende næringsutvikling. Kanskje det kan nyttast til overnatting- som ei eksklusiv og unik opplevelse? Restaurering og vøling av loftet vil vere aktuelt å gjennomføre etter at servicebygg og formidlingssenter er på plass.



Loft frå 1500-talet

Brakke

På baksida av løa står det ei brakke som vart nytta til opphold for russiske krigsfangar. Den har kulturhistorisk verdi.

Bygget er i bindingsverk, er dela inn i to rom. Den har trong for opprusting. Bygget kan nyttast til formidling.



Innvendig rom i brakke



Plassering brakke – sør for løe

Badstove

Badstova er i god stand og ligg eit stykke i frå tunet. Det er naturleg plassering med tanke på brannfare fordi vert brukta open eld i bygget. Badstova vart brukta til turking av korn og røyking av kjøt. Bygget kan nyttast til formidling, kurs og lokal matproduksjon.



Badstove



Plassering sør for løe.

Økonomi og organisering

Forprosjekt

Tiltak	Kostnad	Finans	Sum
Prosjektplan, presentasjon	30.000	UKL	100.000
Arkitekt - skisser	100.000	Valle kommune	50.000
Møter, søknadar	20.000		
Sum	150.000		150.000

Hovudprosjekt

Det bør etablerast eit hovudprosjekt for å sikre gjennomføring av planlagte tiltak med bygningar, plan for innhald og utviklingsarbeid. Prosjektet må og syte for at det blir involvering av lokale, regionale og andre relevante aktørar.

Prosjektet må vere prega av inkludering, medverknad og samarbeid. Spele på lag med lokalsamfunn, frivillighet, næringsdrivande og offentleg forvaltning.

Mål om berekraftige løysingar og samskaping.

Organisering

Prosjekteigar:

- Setesdalsmuseet Eigedom IKS
- Eigarkommunane Bykle, Valle, Bygland
- Agder Fylkeskommune
- Styringsgruppe med representantar frå eigarar, museum, bygningsvern, næring, kultur, landbruk

Prosjektleiar- 3-årig prosjekt med mandat og rammer.

Økonomi

Finansiering av prosjektet bør vere eit spleise lag på lokalt, regionalt, nasjonalt nivå. I tillegg bør det søkjast tilskot frå ulike ordningar som er relevante for det enkelte tiltak, t.d. kulturminnefond, næringsfond m. fl.

Framdrift

- Prosjektet må forankrast i eigarkommunar, fylkeskommune, samt eigne styrande organ.
- Kjøp av bygningar- intensjonsavtale
- Takst eigedom
- Søknad om frådeling
- Finansiering kjøp av eigedom
- Gjennomføring kjøp
- Finansiering opprusting av bygningar og prosjektleiing
- Gjennomføring opprusting bygg og utvikling av aktivitetar

Kjøp av gardstun, gnr. 24, bnr. 3 - Nistog Rygnestad

Tiltak	Kostnad	Finans	Ansvar	Merknad
Takst av bygningsmasse og lausøyre			Seljar	Gammal takst frå 2016 – må utarbeidast ny.
Søknad om frådeling av tun til offentleg formål			Seljar	Etter avtale
Finansiering og gjennomføring av kjøp			Avtale mellom Setesdalsmuseet Eigedom IKS og seljar	

Gjennomføringsplan

Tiltak	2022	2023	2024	2025	2026
Lokal involvering-grunneigarmøte	X				
Forankring i styre for Setesdalsmuseet Eigedom IKS	X				
Presentasjon prosjektfralegg i Bykle, Valle og Bygland kommunar, Agder fylkeskommune	X				
Vedtak eigarkommunar, fylkeskommune	X	X			
Finansiering kjøp av eide dom, utbetringar og prosjektleiing	X	X			
Kjøp av gardstun		X			
Prosjektering og byggesøknad		X			
Rehabilitering og ombygging Servicebygg		X	X		
Rehabilitering og ombygging Formidlingsenter			X	X	
Opprusting tun og bygging utandørs scene			X	X	
Rehabilitering brakke				X	
Rehabilitering Loft					X

Kjelder

FN - UNESCO

Flateland, Åse Ingebjørg(2022). *Løynde skattar- Kultur- og naturbasert næringsutvikling i utvalt kulturlandskap Flateland og Rygnestad – Valle i Setesdal.* Valle kommune

Jansen, Leonhard(2022) *Rygnestadtunet.* Setesdalsmuseet/ Aust-Agder museum og arkiv

Landbruksdirektoratet- Utvalgte kulturlandskap

Plankontoret Hallvard Homme AS(2001) *Forprosjekt Dokumentasjons- og informasjonssenter – Rygnestadtunet.* Setesdalsmuseet/ Setesdal Regionråd

Ryningen, Alfred (1987). *Gards- og ættesoge Valle, band 6.* Valle Kommune

Setesdalsmuseet

Stedjan, Finn(2016). *Verditakst.* Takstingeniør Finn Stedjan

Svalheim, Ellen(2009). *Forvaltningsplan for Rygnestad og Flateland, Valle kommune,* Bioforsk Rapport Vol.4 Nr.112 2009

Thomas Allende, Erick(2022). *Formidlingstunet Rygnestad. Arkitektonisk beskrivelse.* Setesdalsmuseet Eigedom IKS/ Aust-Agder museum og arkiv

Thomas Allende, Erick(2022). *Formidlingstunet Rygnestad. Tegninger.* Setesdalsmuseet Eigedom IKS/ Aust-Agder museum og arkiv

Orienteringssak:

Servicebygg og formidlingscenter på Rygnestad –

Formidlingstunet Rygnestad – arkitektonisk beskrivelse – vedlegg 2

FORMIDLINGSTUNET RYGNESTAD

Arkitektonisk beskrivelse

Innledning

Oppdragsgiver ønsker å skape et sted for formidling av kulturhistoriske verdier og historie tilknyttet Rygnestad og Setesdal. Stedet skal være en samlingsplass for turister og lokal befolkning, og skal tilby forskjellige aktiviteter relatert til tematikken.

Prosjektet er viktig for kommunen, dalen og regionen, og kvalitet i dets utforming og materialbruk kan skape et interessant sted for samlinger og formidling. Samtidig kan det fungere som støtte for Rygnestadtunet og generere en økning i antall besökende.

Rygnestadtunet er et historisk sted, med høy verneverdi, og dette er tatt hensyn til i planleggingen. Planen er å ta i bruk eksisterende våningshus, låve, loft, badstoge og en tysk brakke ved gnr. 24/bnr. 3 i Valle kommune, der våningshus og låve. To av byggene er registrert som SEFRAK, våningshuset (rød) og loft (gul).

Tanken bak er at alle eksisterende bygg skal beholde sitt tradisjonelle uttrykk i fasadene mot landskapet og samtidig oppgraderes for å inneholde de nye funksjonene som er nødvendige for å drive tunet og fungere som resepsjon til Rygnestadtunet.

Det nye tunet skal inneholde forskjellige funksjoner fordelt på de forskjellige bygg:

VÅNINGSHUS

Store deler av våningshuset må renoveres grunnet vannlekkasje i østlig del av huset. Vinduer og yttervegg er tenkt restaurert/oppgradert ihht til dagens krav for isolasjonsverdier for de nye funksjonene som bygget skal inneholde.

Bevaringsverdige materialer og innredning tas vare på og blir en del av videre planlegging.

1.et:

I den vestlige delen av huset er i dag kvilen som skal beholdes til utstilling. Den østlige delen skal renoveres for å huse resepsjon/administrasjon, lager og teknisk rom.

2.et:

Denneetasjen skal renoveres og isoleres og skal huse en leilighet til overnatting til ansatte. Den eksisterende trappa skal erstattes med en trapp ihht teknisk forskrift.

LÅVE

Konstruksjon er i god stand, men yttervegg og vinduer må oppgraderes til dagens standard. Låven består av 3 etasjer i grovt bindingsverk i tillegg til en kjeller i

betongmur.

Bygget må oppgraderes til dagens bruk, og tanken er at romlige kvaliteter og opprinnelige elementer i låven søkes bevart. Det legges inn glassgolv i 2.etasje og i 3.etasje for å øke brukbart areal, men slik at en fortsatt kan se låvebruas dimensjoner, og opprinnelige åpninger for nedkast av høy.

Siloen er også et viktig element der formen bevares, men med en ny bruk som toaletter.

Hovedinngangen til låven er i 1. etasje som inneholder resepsjon/ mottakelse og publikumsfasiliteter, som toalett og garderobe. Opprinnelig sauefjøs i 1. etasje bevares for utstilling. Tidligere kufjøs brukes som kantine/ café Taket over fjøset fjernes for å oppnå større takhøyde og kontakt med 2. etasje. 2. etasje inneholder rom for utstilling, utsalg eller kurs.

Det er også mulig å komme inn i bygget via låvebrua i 3. etasje, der det er planlagt et større møterom og mulighet for presentasjoner og formidling for større forsamlinger. I mønet legges det inn et glasstak for å øke tilgang til dagslys i hele bygget.

Kjeller tenkes bruk som formidling av mattradisjoner og kjøttforedling.

TYSK BRAKKE

Oppgraderes og renoveres. Skal fungere som utstilling.

BADSTOGE

Skal fungere som utstilling og brukes sammen med funksjonen i kjelleren med kjøttforedling og mat.

UTOMHUS

Tunet tenkes å fungere som et samlende element for byggene rundt. I selve tunet skal landskapet bearbeides i form av et amfi. Det skal gi muligheten til forskjellige aktiviteter og utendørs. Den eksisterende muren skal gjenbrukes, et tak skal bygges for å ha et beskyttet sted utendørs. Landskapet skal universell utformes for å gi mulighet til alle til å bruke utearealene.

SØKNAD

Eventuelle nødvendige søknader for å ta i bruk tunet er:

- Bruksendring
- Rammesøknad
- Søknad om igangsetting
- Søknad om ferdigattest

Det blir også nødvendig en del dispensasjoner fra teknisk forskrift (TEK17), spesielt når byggene er eksisterende og at man ønsker å beholde mest mulig av den eksisterende bygningsmasse:


- Fra kapittel 13, Inneklima og Helse (Lys, radon).
- Fra kapittel 14, Energi (energieffektivitet, energiforsyning).
- Fra kapittel 15, Installasjoner og anlegg (sentralvarmeinstallasjon, vann, avløp)

Orienteringssak:

Servicebygg og formidlingssenter på Rygnestad –

Formidlingstunet Rygnestad – beskrivelse – vedlegg 3






Projekt	Kontaktperson	Ansvarlig	Dokument	Utdruck
FORMIDLINGSTUN RYGNESTAD				A10-02
Øst	Sjøgårdsgården	Utdragsplan		
Øst	Sjøgårdsgården	Utdragsplan		
Øst	Aust-Agder Museum og Arkiv	Utdragsplan		
Øst	Aust-Agder Museum og Arkiv	Utdragsplan		




N

PROSJEKT:	Fermlingsasenter Ryggestad	FORSJENTNR:	2204	TEGNNR:	
ADRESSE:	Ryggestadvegen 196, 4747 VALLE	GJER/BNR:	2/2		
TITTEL:	Planer	Plan 1. Etagje ENEBOLIG			
DATO:		KONTROLL:		MÅL:	1:100
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			VEDLEGG:	
ARKITEKTER:	THAW ARKITEKTER			Dokumentasjon 672-4237 Hverdags +47 900 63 477 www.thaw.no	FASE: SKISSE




N

PROSJEKT:	Fermidlingsasenter Ryggestad	FORSJENTNR:	220	TEGNNR:	
ADRESSE:	Ryggestadvegen 19a, 4747 VALLE	GÅRTBUR:	2/2		
TITTEL:	Planer	Plan 2. Etasje ENEBOLIG			A20-02
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL:	1:100
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			VEDELIG:	
ARKITEKTER:	THAW ARKITEKTER			Dåbsveien 672, 4737 Hove	FASE: SKISSE
				+47 900 63 477 kontakt@thaw.no	




N

PROSJEKT:	Formidlingsasenter Ryggestad	PROSJEKTNR:	2203	TEGNNR:	
ADRESSE:	Ryggestadvegen 19A, 4747 VALLE	GÅRDENR:	2403		
TITTEL:	Planer Plan 1. Etagse LÅVE				
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL:	1:100
BYGGERIET:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks				
THAW ARKITEKTER	Dagsverkstaden 672, 4737 Hønefoss +47 500 63 477 kontakt@thaw-arkitekter.no				
				FASE:	SKISSE




N

PROJEKT:	Føringsassenter Ryggestad	PROJEKTNR:	2204	TEGNAR:	
ADRESSE:	Ryggestadvegen 196, 4747 VALLE	GÅR BUR:	24/3		
TITTEL:	Planer	Plan 2. Eetasje LÅVE		A20-04	
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL:	1:100
BYGGSERIE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			VEDLEGG:	
THAW ARKITEKTER	Dagsverkstaden 872, 4722 Hønefoss +47 500 63 477 kontakt@thawarkitekter.no			FASE:	SKISSE




N

PROSJEKT:	Formidlingscenter Rygstad	PROSJEKTNR:	2208	TEGNAR:	
ADRESSE:	Rygstadvegen 196, 4747 VALLE	GÅR BAR:	24/3		
TITTEL:	Planer	Plan 3. Etasje LÅVE		A20-05	
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL:	1:100
BYGGERIET:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			VEDLEGG:	
THAW ARKITEKTER				Dokumentasjon 872, 4733 Nonsa +47 500 63 477 kontakt@thawarkitekter.no	FASE: SKISSE




N


PROSJEKT:	Fornmidlingsassenter Pygsterd	PROSJEKTRNR:	2208	TEGNNR:	
ADRESSA:	Pygsterdvegen 196, 4747 VALLE	GUNNSPEL:	24/3		
TITTEL:	Planer	Plan Kjeller LÅVE		A20-06	
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL:	1:100
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			VEDLEGG:	
THAW ARKITEKTER	Elsgårdsgata 67a, 4721 Valle		+47 930 63 477 kor@thaw.no	FASE:	SKISSE



PROSJEKT:	Farmiliggårdet Ryggestad	PROSJEKTNR.	2208	TEGNAR:
ADRESSE:	Ryggestadvegen 156, 4747 VALLE	GÅRDBARE	24/3	
TITTEL:	Snitt VÄNINGSHUS Tverrsnitt			
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL: 1:100
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			
THAW ARKITEKTER	Dokumentasjon 672, 4737 Harestua +47 900 63 477 kontaktsduarkiv@aks.no			
				FASE: SKISSE




PROSJEKT:	Farmiljegårdar Ryggestad	PROSJEKTNR.	2205	TEGNAR:
ADRESSE:	Ryggestadvegen 196, 4747 VALLE	GJØRTEUR	24/2	A30-02
TITTEL:	Snitt VÄNINGSHUS Langsnitt			
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL: 1:100
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			
THAW ARKITEKTER		Dokumentasjon 672, 4737 Harestua +47 903 63 477 kontakt@thaw-arkitekter.no		
				FASE: SKISSE



1:100 Tverrsnitt


PROSJEKT:	Fermdiggsaaret Ryggestad	PROSJEKTNR.	2204	TEGNNR:
ADRESSER:	Ryggestadvægen 19b, 4747 VALLE	GÅRDNR:	24/3	A30-03
TITTEL:	Snitt LÅVE Tverrsnitt			
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL: 1:100
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			
THAW ARKITEKTER	Dokumentasjon 672, 4737 Hønefoss +47 933 63 477 kontakt@thaw-arkitekter.no			
				FASE: SKISSE



1:100 Langsnitt


PROSJEKT:	Fornmidlingsasenter Ryggestad	PROSJEKTNR:	2208	TEGNNR:	
ADRESSER:	Ryggestadvegen 196, 4747 VALLE	GÅRDENR:	24/3		A30-04
TITTEL:	Snitt LÅVE langsnitt				
DATO:	TEGT AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL:	1:100
BYGGSERRE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks				
THAW ARKITEKTER	Dokumentasjon 672, 4737 Harestua +47 500 63 477 kontakt@thaw-arkitekter.no				

© Alle rettigheter tilhører utvervende for prosjektering, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke



PROJEKT:	Farmiljegårdar Ryggestad	PROJEKTNR:	2208
ADRESSER:	Ryggestadvegen 156, 4747 VALLE	GÅRDNR:	2473
TITTEL:	Snitt AMFI		
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks		
THAW ARKITEKTER	Dagsmarkdalen 672, 4371 Hønefoss +47 900 63 477 kontakt@thaw-arkitekter.no		
	FASE: SKISSE		

© Alle rettigheter tilhører utløseren for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke



PROSJEKT:	Farmingsenter Pygstad	PROSJEKTNR.:	2203	TEGNNR.:
ADRESSE:	Pygstadvegen 196, 4747 VALLE	DAT/TMR:	2/23	A50-01
TITTEL:	Perspektiv Utearealer			
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL:
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			
THAW ARKITEKTER	Dåsvannsdalen 672, 4737 Herdla +47 850 83 477 kont@thaw.no arkitekter.no			
	FASE: SKISSE			

© AAs tegn AS holder rettigheter til denne teknologien, kopiering eller bruk av dette tegningen er forbudt uten skriftlig samtykke.




PROSJEKT:	Fornmidlingssenter Ryggestad	PROSJEKTNR.	2208	TEGNNR.
ADRESSE:	Ryggestadvegen 156, 4747 VALLE	GARBNR:	24/3	
TITTEL:	Perspektiv Utearealer			
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	RIV:	MÅL:
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			
THAW ARKITEKTER	Dokumentasjon 672, 4727 Hornnes +47 950 63 477 kontakt@thawarkitekter.no			
				FASE: SKISSE

© Alla rättigheter réserveras för produktionen, kopiering eller bruk av denna teckningen är förbjudet utan skriftlig samtycke



PROSJEKT:	Formidlingscenter Rygnestad	PROSJEKTNR:	2208	TEGNAR:
ADRESSE:	Rygnestadvegen 136, 4747 VALLE	DNR/BNR:	2472	A50-03
TITTEL:	Perspektiv	UTEAREALER:		
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	EKN:	MÅL:
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			VEDLEGG:
THAWA ARKITEKTER		Dåkernoddalen 672, 4737 Hornnes +47 920 63 477 kontakta@thawarkitekter.no		FASE: SKISSE

© Alle rettigheter tilhører utstyrerne for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten utdømt samtykke.




PROSJEKT:	Farmiljedassenter Pygstad	PROSJEKTNR.	2208	TEGNNR.:
ADRESSE:	Ryggestadvegen 156, 4747 VALLE	GNR/BARL:	24/3	
TITTEL:	Perspektiv Utearealer Amfi			
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL:
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			
THAW ARKITEKTER	Dokumentasjonen 672, 4737 Hornnes +47 933 63 477 kontakta@arkitekter.no			
				FASE: SKISSE

© Alle rettigheter tilhører eieren av prosjektdessingen. Kopiering eller bruk av dette tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke.




PROSJEKT:	Farmiljegårdster Pyrgestad	PROSJEKTNR.	2208	TEGNNR.
ADRESSE:	Pyrgestadvegen 19a, 4747 VALLE	GJERVN/P:	2473	
TITTEL:	Perspektiv VÄNINGSHUS Resepsjon			
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL:
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			VEDLEGG:
THAW ARKITEKTER		Dokumentasjon 672, 4737 Hornnes +47 930 63 477 kontakto@arkitekter.no		FASE: SKISSE




PROSJEKT:	Formidlingsassister Ryggestad	PROSJEKTNR.	2203	TEGNNR.
ADRESSE:	Ryggestadvegen 19b, 4747 VALLE	GÅR BUR.	24/2	A50-06
TITTEL:	LÅVE Kantine/Resepsjon 1.et.			
DATO:	TEGT AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL:
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			
THAW ARKITEKTER	Dokumentasjon 672, 4737 Hornnes +47 935 63 477 kontakt@thawarkitekter.no			
				FASE: SKISSE

© Alle rettigheter tildeles eieren for prosjektdokumentasjon. Kopiering eller bruk av dette tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke




PROSJEKT:	Fornåldingassenter Ryggestad	PROSJEKTNR:	2208	TEGNNR:
ADRESSE:	Ryggestadvegen 150, 4747 VALLE	GNR/BNR:	24/2	
TITTEL:	Perspektiv LÅVE Gang 2.et.			
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	RIV:	MÅL:
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			VEDLEGG:
THAW ARKITEKTER		Dåsvannsallén 672, 4737 Hornnes +47 930 63 477 kontekstbar arkitektur		FASE: SKISSE

© Alle rettigheter tilhører utøverne for prosjekteringen. Kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke




PROSJEKT:	Familiesenter Pygstad	FORSJETNR:	2204	TEGNNR:
ADRESSE:	Pygstadvegen 19, 4747 VALLE	GÅRDSNR:	240	
TITTEL:	LÅVE Undervisningsrom 2.et.			
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL:
EIGENERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			
THAW ARKITEKTER	Dokumentasjon 672, 4727 Hornnes +47 935 63 477 kontakt@thawarkitekter.no			
				FASE: SKISSE

© Alle rettigheter tilhører utløpende for prosjektdelingen. Kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke



PROSJEKT:	Forn/oldgassenter Rygnestad	FORSJENKNR:	2203	TEGNAR:
ADRESSE:	Rygnestadvegen 156, 4747 VALLE	GÅR.DØR:	24/3	
TITTEL:	Perspektiv LÅVE Kursrom 3.et.			
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL:
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			VEDLEGS:
THAW ARKITEKTER				FASE: SKISSE
				Dåvannsdalen 672, 4737 Hornnes +47 820 83 477 thaw.no

Alle rettigheter tilhører eierenden for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriving omtrykksle



PROSJEKT:	Formidlingsstasjon Ryggestad	PROSJEKTNR:	2208	TEGNAR:
ADRESSÉ:	Ryggestadvegen 196, 4747 VALLE	GÅR INN:	24/2	
TITTEL:	Perspektiv LÅVE Undervisningsrom Kjeller			
DATO:	TEGNET AV:	KONTROLL:	REV:	MÅL:
BYGGERE:	Aust-Agder Museum og Arkiv Iks			VEDLEGG:
THAW ARKITEKTER				Dåverndalen 672, 4737 Hornnes +47 920 63 477 kontor@thaw-arkitekter.no
				FASE: SKISSE

Alle rettigheter tilhører tilhører forræderen for prosjektering, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skrivende samtykke